

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 17.03.2016**

Fylkesordføraren ønskete Nils Marton Aadland (H) velkommen som fast medlem i fylkesutvalet for den tida Tom-Christer Nilsen har permisjon. Jf. vedtak i fylkestinget 09.03.2016, PS 23/16.

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 78-90/16.

### **OPEN TIME**

**Nils Marton Aadland** sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Fylkesutvalet ber Statens vegvesen snarast leggje fram ein oppdatert kostnadsanalyse for ein eventuell indre trasé for E39 Hordfast."

Det var 13 representantar til stades.

### **Røysting**

Aadland sitt forslag vart mot 2 røyster (Frp) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Silje Hjemdal (Frp)** stilte slikt spørsmål (a):

"Status Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt – skriftlig tilbakemelding."

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

**Silje Hjemdal (Frp)** stilte slikt spørsmål (b):

"Statens evaluering superbussprosjektet. Ønsker orientering."

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

**Silje Hjemdal (Frp)** stilte slikt spørsmål (c):

"Praksis for bruk av vaskebil i forbindelse med svevestøvsproblematikk."

Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

**Tom Sverre Tomren (MDG)** bad om å få utgreidd høvet til å ha kjøtfrie måndagar i fylkeskommunen.

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon opplyste at det i anbodet for ny kantinedrift i fylkeshuset er stilt krav om ein kjøtfri dag i veka.

**Tom Sverre Tomren** sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"MDG ber om en orientering om status på bruk av sanntidsapp som virkemiddel for å få ned klimagassutslippene".

Det var 13 representantar til stades.

### **Røysting**

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

"Fylkesutvalet ber fylkesordføraren sende oppmoding til alle fylkeskommunalt oppnemnde styremedlemer om å fokusera på felles ansvar for lærlingepllassar."

Det var 13 representantar til stades.

### Røysting

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** bad om status m.o.t kven som evt. skal leige Fana gymnas og om fylkeskommunen må ta kostnadene med å vedlikehalde bygningsmassen dersom det vert utleige til skuleformål. Fylkesrådmannen svarte at det er to interesserat for leige, men at vurderingane knytt til utleige enno ikkje er ferdige. Dersom bygningsmassen må oppgraderast før utleige, vil kostnadene verte dekt gjennom leigeavtalen.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** påpeikte at verktøyet ePolitiker er litt komplisert, m.a. ved at alle innstillingane ikkje ligg i det samla dokumentet, men vert ettersende. Dei folkevalde må då veksle mellom fleire dokument når dei skal lese sakene. Det kan dessutan vere problem med å opne dokumenta. Ho kommenterte også at publikum som nyttar e-innsyn berre ser saksførelegga. Dei finn ikkje innstillingane frå utvala.

### ORIENTERING

**Fylkesrådmannen** orienterte om problemstillingar knytt til at ein person har sendt ei rekke e-postar med uakseptabelt innhald til mange folkevalde. Fylkesutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa med heimel i kommunelova § 31 punkt 4.